



Rundtjørn. Foto: Gro Netland

## RUNDTJØRN ligg 645 m.o.h.

**Eit stadnamn har alltid eit opphav.** Det kan vera so mangt, som landskapsform, knytt til personar, hendingar, dyr og fuglar osv. Ofte er eit stadnamn vanskeleg å tolka, historien bak er borte. Andre gonger ligg det heilt opp i dagen. Tyding av Rundtjørn er sjølv sagt: «Den runde tjørna.»

**Tidlegare var det ikkje fisk i Rundtjørn.** Det er fortalt at det var han Ola Nitun (Olav K. Kjerland) som slepte fisk her. Olav reiste til Canada i 1912, så auren vart nok utsett like før den tid. Elva gjekk ikkje gjennom denne tjørna før, men lenger oppe. Truleg var det i samband med fiskesleppet at elveløpet vart endra.

**Ved Rundtjørn er det ein framifrå leirplass.** Godt utgangspunkt for turar i alle retningar. Tidlegare var det problem å finna god plass for teltet pga kumøk etter store flokkar av denne rasen, som ogso hadde sin leirplass her. Slik er det ikkje lenger.

**Til alle tider har me hatt behov for stadnamn,** meir før enn no. Heile landskapet vart tidlegare utnytta, til utslåtter, lauving, beite, støling, jakt osv. Dette førde med seg trong for nøyaktig forklaring til neste person kvar han kunne finna det han leita etter. Med så mange aktivitetar, både i skog og fjell, vart det sjølv sagt mange stadnamn. Nye kom til, andre gjekk ut, alt etter behov. Men her som elles, historien skal me ta vare på.

**Stadnamna fortel mykje om tidlegare tiders bruk av landskapet,** om møte med dyr og om dramatiske hendingar.

I dag er det vel turgåaren som i første rekkje har nytte og glede av eit stadnamn. Som vandrar bør du stoppa opp der kart eller skilt viser eit namn. Fantaser her om opphavet. Det gjev turen ein ekstra dimensjon.

GOD TUR! Granvin turlag

### Kjelde:

«Olav S. Haugse, filosof, eldsjel, tiurvaktar og lokalkjend».



Rundtjørn. Foto: Gro Netland